

Fitjar Kyrkjeblad

November – 2007

30. Årgang

Nr. 7

Kyrkja, kven er det?

Kyrkje tyder: Det som høyrer Herren til. Frå nytestamentleg tid har søndag vore dagen då kyrkja samla seg, kom saman, synleg tilstades i verda.

Ei helg i oktober var vi, ei gruppe frå Fitjar kyrkjelyd på medarbeidarkonferanse i Arna kyrkje. Mykje inspirasjon, mykje nyttig var der om medarbeidarskap, og om det å vere kyrkje. Kven er kyrkja, var eit av dei for meg tankevekkjande spørsmåla som kom opp under innleiingsforedraget til Halvor Nordhaug, rektor for praktikum/presteutdanninga ved Menighetsfakultetet.

Kven er kyrkja? Konkret: kven er det?

Vi kan tenkje ulikt, nokon vil seie kyrkja er: sokneråd, fellesråd, kyrkjeverje, prest, organist og kyrkjetenar. Andre vil seie: alle dei døypte. Andre igjen: menneske som trur på Jesus som sin frelsar. Det er noko rett i alle svara. Og Nordhaug la til kyrkja er Kristi kropp i verda.

Kristi kropp?! (jmf. 1.Kor. 12.)

Han fortsatte med å spørja; kan vi sjå kyrkja, eller Kristi kropp?

Igjen er svara ulike, og mange veit at det er rett å seie at kyrkja, som Jesus, er usynleg til stades i verda ved trua. Men Nordhaug svarte ikkje slik.

Han sa: søndag føremiddag ser vi kyrkja. Kyrkja er dei menneska som samlast til gudsteneste i dykkar bygd og grend. Og når nådehelsinga har lydt skulle presten spørje; kven er de? Og spontant skulle kyrkja sitt svar lyde: Vi er Guds born!

Guds born er eit folk som er anleis, eit folk som har sin identitet nett i denne samlinga om Guds ord og sakramenta. Gjennom denne samlinga hentar dei trøyst, styrke og kraft til å leva sine liv i verda. I gudstenesta ser dei kvarandre og hentar inspirasjon til det ulike arbeidet dei driv i organisasjonar og lag, og til livet dei lever. Alt dette og meir til sa H. Nordhaug 19.oktober i Arna kyrkje.

Eg synst det var inspirerende å høyre og tenke så konkret.

Kristi kropp, velkomen til kyrkje!

OJO

